

Møteinnkalling

Utvalg: **Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen**
nasjonalparkstyre
Møtested: Telefonmøte
Dato: 14.03.2013
Tidspunkt: 08:00

Eventuelt forfall må meldast snarast på tlf. 94880564 eller 94789126.

Med helsing

Kari Sveen
Nasjonalparkforvaltar

Saksliste

Utvalgs- saksnr	Innhold	Lukket	Arkiv- saksnr
ST 5/2013	Godkjenning av protokoll/innkalling		
ST 6/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Bruk av snøskuter/beltebil for å transportere gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS		2013/1579
ST 7/2013	Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue - Memurubu turisthytte		2011/5058
ST 8/2013	Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2013 - Transport av materiell og håndverkere for midlertidig vanntilgang på Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn		2013/1868
ST 9/2013	Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2013 - Transport av materiell og ved til hyttene til Årdal Jeger og Fiskerforening - Norsk Folkehjelp Årdal		2013/1869

Arkivsaksnr: 2013/1579-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 06.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	6/2013	14.03.2013

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2013 - Bruk av snøskuter/beltebil for å transportere gjester til Memurubu - Memurubu Turisthytte AS

Forvaltar si innstilling

Søknad frå Memurubu Turisthytte AS av 26.02.13 om løyve til å transportere inn gjester til Memurubu med snøskuter/beltebil – eventuelt også bruk av traktor for inn-/uttransport av varer og gjester blir avslått med heimel i verneforskrifta pkt. 5.1.

Grunngjeving: Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel i nasjonalparken. Dispensasjonsheimelen etter naturmangfaldlovas § 48 blir ikkje vurdert som relevant, da denne berre er aktuell for enkeltsituasjonar som ikkje blir vurdert å vera i strid med verneformålet. Søknaden gjeld eit løyve knytt til eit ønskje om utvida motorferdsel, som vil danne grunnlag for presedens i høve til eventuelle likande søknader. Tiltaket er ikkje i tråd med gjeldande forvaltningsplan, og fell også utanom dei retningsliner som er tilrådd i revidert forvaltningsplan, som framleis ligg til godkjenning i Direktoratet for naturforvaltning.

For eventuell tilsvarande søknader om same tiltak i komande år kan sekretariatet vise til dette vedtaket og til nasjonalparkstyret sitt vedtak i sak 9/2012, da situasjonen vil vera uendra så lenge det ikkje blir gjort endringar i verneforskrift og forvaltningsplan.

Saksopplysningar

Søknaden: Memurubu turisthytte har ved e-post av 26.02.13 sendt følgjande søknad til nasjonalparkforvaltninga:

«Vi søker med dette om løyve til å transportere inn gjester til Memurubu Turisthytte as med snøskuter/beltebil. Det kan også bli brukt traktor for inn/uttransport av varer og gjester.

Vi presiserer at Memurubu ligger i et bruksområde av Jotunheimen nasjonalpark og Memurubu har kjørt med beltebil siden 1952 i området, og de kjørte inn gjester, vertskap og proviant til Gjendebu i mange år også. Vi har kjørt inn gjester i snart 60 år med beltebil/snøskuter, og hvis vi ikke kan få kjøre inn gjester har vi ikke nok grunnlag til å ha åpent i påskene.

Vi håper på et raskt og positivt svar.»

Arkivsøk viser at bedrifta har sett fram søknad med om lag same ordlyd kvart år frå 2003 (dette er så langt attende som ein har tilgang på elektronisk arkiv). Søknaden er avslått kvart år, da tiltaket er i strid med verneforskrift og forvaltningsplan. Til trass for avslag over ein periode på 10 år er det nå søkt på ny. Det har ikkje skjedd endringar i verneforskrift eller i forvaltningsplan når det gjeld motorferdsel.

Søknaden vart slik vurdert sist den vart behandla, i sak for nasjonalparkstyret 23.03.12: *«Det er høg skitrafikk innover Gjende i påska, og mykje motorisert ferdsel bryt med det folk som er på tur i en nasjonalpark forbinder med eit verneområde; urørt fjellnatur ro og stillheit. Memurubu har søkt om dette kvart år dei siste åra, og løyvet er ikkje blitt utvida utover dei 2 turane pr uke dei har i det gjeldande fleirårige løyvet. Dei 2 turane turistbedriftene Memurubu, Glitterheim og Gjendebu fekk rett etter vernetidspunktet i 1980, var en tillemping til de spesielle høva turistbedriftene har hatt i Jotunheimen. Sekretariatet meiner det ikkje er heimel til den type tiltak i en nasjonalpark. Ein kan heller ikkje nytte § 48, da det vil være i strid med verneformålet til Jotunheimen NP, da av omsyn til dei som driv friluftsliv i nasjonalparken. Ein ser derfor ikkje grunnlag for å liberalisere dette ytterligare.*

Forvaltninga har rimeleg god oversikt over omfanget av motorisert ferdsle i nasjonalparken, det meste av dette er knytt til drift av turisthyttene (varer og betjening). Ut frå kunnskap om korleis folk reagerer på motorisert ferdsle i verneområde (brukarundersøking 1992, 2002 og 2010) bør ein vere sær s restriktiv (§ 8). Dette kan og vere en uheldig praksis i høve til andre turistbedrifter og verneområde (§ 9, og § 10). § 11 er mindre relevant i dette høvet. Det er mest miljø messig forsvarleg at besøkande går på ski inn til turistbedriftene i påska (§ 12), slik som er tradisjon i norsk utmark, og særleg i nasjonalparker. Styret legg til at opprettinga av nasjonalparken skal unngå slik aktivitet, og at to turar må kunne dekkje behovet.»

Det vart i møte 23.03.12 gjort slik samrøystes vedtak:

«Søknaden om å kjøre inn gjester utover dei to turane Memurubu har løyve til i veka, blir avslått.»

Vurdering

Vurdert etter:

- Verneforskrift for Jotunheimen NP (1980/2003)
- Framlegg til forvaltningsplan for Jotunheimen NP og Utladalen LV (2008)

Framlegg til forvaltningsplan (2008) har desse retningslinene: *Turisthyttene Gjendebu, Memurubu og Glitterheim har sida vernevedtaket i 1980 hatt dispensasjon om vinteren for transport av faste gjestar 2 gonger i veka, med viesel/snøskuter. Glitterheim har i tillegg 1 tur pr. veka for transport av skuleklasser i vintersesongen. Gjendebu har ikkje brukt sitt løyve dei siste åra. Denne typen transport er på grensa av grunnleggjande prinsipp for nasjonalparkvern og vil derfor ikkje bli utvida.*

Søknaden om å få kjøre inn påskegjester frå p-plassen på Gjendeosen og over isen på Gjende til Memurubu etter behov medfører motorisert transport med viesel/snøscooter/traktor over ca 8 km i nasjonalparken.

Det er ikkje heimel for å opne for ei generell liberalisering av motorferdsel – ut over den tillempinga som er gjort for å ivareta praksis som var gjeldande på vernetidspunktet. Løyvet til kjøring to faste dagar i tilknytning til påska gjev rom for ein planmessig transport av bagasje/utstyr i tråd med etablert praksis på vernetidspunktet. Motorisert transport etter bedrifta sitt eigendefinerte behov vil vera ei generell liberalisering, som det ikkje er heimel for å innføre.

Saka blir lagt fram for AU, sjølv om dette i prinsippet er ei sak som skal behandlast i styret – jf regelverk for styret og delegeringsvedtak i sak 5/2012. I og med at sitjande styre har behandla ein identisk søknad frå bedrifta for så kort tid sidan som i 2012, legg forvaltarane til grunn at tidlegare styrevedtak nå berre kan stadfestast. Det vert i tillegg foreslått at det ved eventuelle seinare søknader om transport til same formål kan svarast administrativt med heimel i styrevedtak i sak 9 frå 2012 og denne stadfestinga.

Arkivsaksnr: 2011/5058-0

Saksbehandlar: Kari Sveen

Dato: 12.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	7/2013	14.03.2013

Jotunheimen nasjonalpark - Dispensasjon - Motorferdsel - 2012 - Stikking av vinterløype Memurubu - Leirvassbu - Leirvassbu Fjellstue - Memurubu turisthytte

Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrifta pkt. 1.3.2. og 5.3.2 blir det opna for kvisting av skiløype mellom Memurubu og Leirvassbu i samband med påskesesongen, på følgjande vilkår:

- SNO v/ Rigmor Solem (mob. 959 65 158) / fjelloppsynet skal varslast seinast dagen før kjøring med snøscooter, og det må varslast kven som skal stå for kvistearbeidet. Det blir tilrådd at lokalt hjelpekorps vert involvert i arbeidet.
- Til kvistinga skal det nyttast kvist frå norske lauvtre. Bambuskvist eller merke av kunstmateriale er det ikkje høve til å nytte.
- Ordninga blir prøvd ut i 2013, med evaluering før ein evt. opnar for tilsvarende merking komande år.

Det er ein føresetnad at tilrettelegginga blir gjort etter konkret vurdering av skredfare ut ifrå til kvar tid gjeldande snøforhold. Utfordringa her er først og fremst tryggleiken i området, men dette ligg utanom nasjonalparkstyret sitt ansvarsområde, og må såleis byggje på tiltakshavar si generelle vurdering av tryggleik ved ferdsel i vinterfjellet.

Saksopplysningar

Det vert vist til tidlegare styresaker, der behandling av søknad av 27.07.11 frå Memurubu og Leirvassbu turisthytter om å få stikke vinterløype frå Storådalen over Hinnotetjønn og ned til Memurubu vart utsett. Bedriftene ønskjer ei stikka løype for å gje auka tilbod til vinterturistane i området, og dei meiner at traseen kan vera eit

alternativ til traseen over Gjende, der det enkelte år har vore problem på grunn av overvatn. Bedriftene ville sjølve stå for merkinga.

Det vart i møte 19.10.11 bestemt at endeleg vedtak i saka vart utsett til det var gjennomført synfaring i det aktuelle området. Dette av omsyn til vurdering av tryggleik. Synfaring vart gjennomført 23. mars 2012. Nasjonalparkstyret vedtok same dag i sak 11/2012 at avgjerda kunne delegerast til AU basert på vurderingar frå synfaringa den 23.03.2012. Det vart lagt til grunn at det måtte avklarast på førehand kven som skal gjennomføre kvistinga. Memurubu hadde stengt i påska i fjor, slik at stikking likevel ikkje vart aktuelt. AU vurderte at avgjerda for 2013 måtte basere seg på synfaring og ny avgjerd ut i frå rådande forhold før påska 2013.

Dokument i saka

1. Søknad av 27. juli 2011 frå Memurubu og Leirvassbu turisthytter
2. Uttale frå tilsynsutvalet i Lom 18. oktober 2011
3. Styrebehandling i møte 23.03.12
4. Tilbakemelding frå Odd Repp med fotodokumentasjon etter synfaringa mars 2013.
5. e-post frå Fylkesmannen av 30. mars 2012, orientering om førebels vurdering i AU.

Verneforskrift

Forvaltningsstyremakta kan i medhald av pkt.1.3.2 gje løyve til:

Merking av ei rimeleg mengd turistruter og -løyper og oppsetjing av vegvisarar når det skjer på ein måte som ikkje verkar skjemma eller dominerande i terrenget.

Vidare kan det gjevast løyve til motorferdsel i samband med:

5.3.3. Køyring for utføring av sikringstiltak, t.d. merking av løyper.

Forvaltningsplan

Utdrag av retningsliner i utkast til forvaltningsplan: *“Det er ikkje ønskeleg å ha kvista skiløyper spreidd over heile området. Nokre område bør vere utan slik tilrettelegging på grunn av den opplevingsverdien urørte område gjev. Ein hovudregel bør vere at dei kvista skiløypene i hovudsak skal følgje sommarrutene, men med tillempingar m.o.t. tryggleiken”. - - -*

«Då bruken av snøskuter til kvisting av løyper har eit stort omfang, skal varslingsrutinane og kontakten mellom oppdragsgjevarar, dei som utfører dette arbeidet og forvaltningsstyresmakta vere god. Som hovudregel skal kvisting kombinerast med anna oppsyns- eller tilsynsarbeid i nasjonalparken. Samordning av fleire oppgåver gjev totalt sett mindre motorferdsel. Det er viktig å involvere dei lokale hjelpekorpsmannskapa i arbeidet med kvisting. Dette vil bidra til å auke lokalkjennskapen til redningsmannskapa i hjelpekorpsa og gjere at det er mindre behov for kjentmannskøyring.»

Vurdering

Det vert vist til vurderinga som vart lagt fram for styret ved behandling av saka i 2012: *«Jotunheimen har frå før eit relativt tett løypenett. Det er viktig å balansere tilrettelegginga for friluftsliv i nasjonalparken, mellom anna av omsyn til tettleiken av kvistmerka skiløyper. Det er et behov for å ha merka løyper for å kanalisere ferdsla og gjere ferdsla i fjellet sikrare for brukarane av parken. På den annen side ligger ønske om å la delar av fjellområdet ligge "urørt", noe som igjen gir muligheter for fjellopplevingar i områder med mindre ferdsel. For mange er fråvær av tilrettelegging en vesentlig del av naturopplevinga.*

Etter sekretariatet si vurdering er terrenget ved Hinnotetjønne til dels ganske bratt og farleg. Det er etter vår oppfatning lite gunstig å kanalisere folk inn i eit område der det er bratt dersom noko skulle skje med kvistinga. Ved krevjande vêrtilhøve kan og folk lett gå seg bort i bratt terreng. Ved den einaste passasjen der det er mogleg og kome forbi Hinnotetjønne, er vi ikkje

kjent med snøforholda og skredfaren vinterstid. Vi er ikkje kjend med at det har vore kvistaløype over her dei siste 25-30 år (ref. fjelloppsyn Lom fjellstyre). Området må derfor synfarast nærare om det skal tillates kvisting av skiløype. Dersom denne løypetraseen kan kvistas, er det viktig at dei lokale redningskorpsa kan stå for jobben. Samla vurdering etter naturmangfaldlova vil bli gjeve når kravet tryggleik blir vurdert før påska i 2013.»

Etter prinsippa DNT følgjer ved stikking av vinterløyper blir det m.a. lagt til grunn at rutene ikkje skal leggjast slik at skituristane kan bli leia inn i farleg område dersom kvistane vert borte. Tidsavgrensing vil vera naturleg, da det er eit usikkert område med varierende grad av skredfare avhengig av snøforholda. Det er nær uråd å gardere seg mot skredhendingar etter alle skiløyper i eit område som Jotunheimen. Sjølv på tradisjonelle nytta trasear kan det enkelte år oppstå forhold som gjer at skredfare kan oppstå, så ein må heile tida vise til den generelle aktsemda som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet under varierende vær- og foreforhold.

Etter synfaringa i mars 2012 gav fjelloppsynet slik tilbakemelding til daverande sekretariat: *«Vedlagt sender eg bilde av den omsøkte vinterruta frå Memurudalen til Storådalen over Hinnåtetjernet. Bilda er tekne av oppstigninga frå Hinnåtetjernet til ryggen mot Semmelholet, som er den "farlege" strekninga av ruta. Albert Lunde var med meg og tok målingar av helningsgraden. Vi vurderte det som sikkert for skred dersom ruta vert lagt som innteikna på bilda. Problemet vil vera at turgåarane ganske sikkert vil avvike frå ruta og nokså lett kunne kjøre inn i rasfarleg område. På ryggen var det snøbertt ei lita strekning. Snøen var avblåst, for til vanleg er det så vidt samanhangande snøføre her.»*



Det kan vera vanskeleg å sikre at stikkinga vil følgje den eksakte tilrådinga, og heilt uråd å hindre at skituristane tek snarveggar eller går ut av den tilrådde traseen og kjem over i mindre sikkert område. Dei som renner nedover vil også ofte velja si eiga løype, dersom den markerte løypa er isete/sporete, eller dersom ein ser artigare alternativ.

Det er ikkje innan ansvarsområdet for nasjonalparkforvaltninga å vurdere tryggleiken av

alle løypetrasear som er godkjent i medhald av verneforskrift og forvaltningsplan, til kvar tid med varierende snø- og føreforhold. Ein prøver likevel å ha med dette aspektet som ein del av vurderinga så langt som praktisk råd. Traseen synest liggje slik at den krev vurdering i høve til skredfare heilt opp mot tidspunkt for tilrettelegging. Eit eventuelt løyve til stikking bør såleis gjevast med vilkår om kontinuerleg vurdering av skredfare og ansvar for stenging eller åtvaring mot å bruke traseen dersom snøforholda endrar seg vesentleg i løpet av sesongen.

Det vart ved førre behandling i nasjonalparkstyret lagt til grunn at samla vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8-12 skulle gjerast etter vurdering av tryggleik var gjennomført.

Vurdering:

- Kunnskapsgrunnlaget når det gjeld naturmangfald (§ 8) er gjeve gjennom bakgrunnsdokument til forvaltningsplan og erfaringsbasert kunnskap samla av fjelloppsyn og forvaltning over fleire år. Tilsynsutvalet for Jotunheimen i Lom hadde ingen innvendingar knytt til innverknad på naturverdiar eller andre brukarinteresser. Det er ingen kjente sårbare lokalitetar som blir negativt påverka av avgrensa ferdsel på vinterføre i dette området.
- Føre-var-prinsippet (§ 9) tilseier at ein har ein streng praksis når det gjeld motorferdsel i verneområde, men avgrensa ferdsel over eit kort tidsrom i mars/april vert ikkje vurdert å gje ukjente negative konsekvensar. Påverknaden vil i hovudsak gjelde støy i eit avgrensa tidsrom. Trafikken set ingen varige spor, og kjem ikkje inn på yngle-/hekkelokalitetar for sårbare artar.
- Etter § 10 "Økosystemtilnærming og samlet belastning" skal eit vedtak vurderast i høve til samla påverknad/forstyrning, om eit løyve kan skape presedens, og såleis kan bidra til ei gradvis forringing av området og utholing av verneforskrifta. Tiltaket er sterkt avgrensa i tid og rom, og må sjåast i samanheng med at Jotunheimen er ein brukspark med stor friluftslivsaktivitet. Ein kan derfor sjå behov for ei merking når ein registrerer at skituristane uansett vil ta seg fram etter denne ruta. Den samla belastninga av motorferdsel i denne delen av nasjonalparken ligg på eit lågt nivå, og forvaltningsstyresmakta har høve til å avgrense omfanget av kvista løyper til eit nivå med akseptabel samla belastning.
- § 11 om at «*kostnadene ved miljøforringelse skal bæres av tiltakshaver*» er ikkje relevant.
- § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetode: Kvisting utan bruk av snøscooter er lite realistisk, og vert vurdert som uaktuelt.

Det er etter ei samla vurdering etter dei miljørettslege prinsippa i naturmangfaldlova §§ 8-12 ikkje avdekt særlege forhold knytt til verneverdiar som talar mot stikking av vinterløype frå Storådalen over Hinnotetjønn og ned til Memurubu, slik Memurubu og Leirvassbu Turisthytter har søkt om. Arbeidsutvalet kan ut ifrå verneforskrifta pkt 1.3.2 opne for stikking av vinterløype frå og med ei veke før påske til og med veka etter påske. Løyve til avgrensa bruk av snøscooter kan gjevast med heimel i forskrifta pkt 5.3.3, og det vil vera ein fordel om lokalt hjelpekorps kan involverast i arbeidet.

Det er ein føresetnad at tiltakshavarane etablerer tett dialog med skredkyndige for å vurdere tryggleiken. Traseen må stikkast slik at ein ikkje kjem for langt ut til sidene frå leia som er vist på bileta (det er på bilete frå synfaring 23.03.12 antyda eit svingmønster der ein kan ta stigninga utan å koma for langt ut mot nokon av sidene). Ein legg til grunn at bedriftene følgjer opp med informasjon til gjester om den generelle aktsemda som kvar enkelt må følgje ved ferdsel i høgfjellet.

Det blir understreka at Nasjonalparkstyret v/ Arbeidsutvalet si myndigheit er avgrensa til forhold heimla i verneforskrifta. Tryggleik knytt til tilrettelegginga må vurderast ut ifrå generelle krav til aktsemd, og er eit forhold som ligg utanom verneområdestyret si kompetanse og myndigheit.

Arkivsaksnr: 2013/1868-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 13.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	8/2013	14.03.2013

Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel - 2013 - Transport av materiell og håndverkere for midlertidig vanntilgang på Skogadalsbøen - DNT Oslo og Omegn

Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde, pkt. IV nr. 8, løyve til helikoptertransport av material og handverkarar for DNT Oslo og Omegn. Transporten er knytt til etablering av midlertidig løysing for vassinntak til turisthytta Skogadalsbøen. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Løyvet gjeld ein dag til og med 22. mars 2013 (før påska 2013)
- Det er planlagt gjennomføring torsdag 14. mars. Dersom arbeidet blir utsett, skal SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158) varslast seinast dagen før som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- Ein enkel rapport skal sendast til nasjonalparkforvaltar per mail innan 01.mai.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 13.03.2013, frå DNT Oslo og Omegn v/Anders Gjermo.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Vassinntaket på Skogadalsbøen har dei siste åra blitt ustabil på grunn av at elva har lagt seg litt om og fører ikkje vatn mot kummen på liten vassføring. Dette er særleg sårbart om vinteren. Det var planlagt å flytte inntakskummen til ein sikrare stad i elva, men det vart ikkje gjennomført i 2012 som planlagt.

Nå har i tillegg vassleidningen frose og DNT vil fly opp eit nytt røyr (Elvestad) for å få fram vatn frå vasskummen. Den er nå planlagt lagt midlertidig, men skal seinare i år brukast i samband med justeringa av vassinntaket. Det er også planlagt å transportere inn folk frå Folkehjelpen for å hjelpe til med arbeidet (utlegging).

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8), men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene*».

Formålet med opprettinga av Utladalen landskapsvernområde er «*å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*»

Vurdering

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med helikopter kan forstyrre fauna, særleg ved landlingsområdet. På denne tida av året er særleg hekkelokalitetar med rovfugl sårbare for forstyrning, men forstyrninga avhenger av avstand. Ved Skogadalsbøen er det mykje aktivitet og den omsøkte helikopterflyginga vil dermed ha mindre påverknad på lokal fauna (§8 i nml.). Ein rask og effektiv transport med helikopter avgrensar påverknaden i tid til eit minimum og det er derfor ikkje lagt til særskilde vilkår utanom dei standardiserte (§9 i nml.).

Friluftsliv i Utladalen er i stor grad knytt til nettet av overnattingshytter og stiar i regi av DNT. Skogadalsbøen er ei av hyttene med høgast standard og betent drift av anlegget krev relativt store mengder vatn. Skal dei ha betening i påska, må det vere tilgang på vatn. Det planlagde tiltaket nå i år vil vere midlertidig og dei planlagde tilpassingane av vasskummen og nytt vassrøyr vil truleg gjere at ein unngår tilsvarande utfordringar seinare. Material som nå vert frakta inn er planlagt nytta i tilpassinga seinare i år og det samla transportbehovet vert dermed marginalt auka (§10 i nml.). Grunna høg vekt på denne type røyr, må det fraktast inn med helikopter (§12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.

Arkivsaksnr: 2013/1869-0

Saksbehandlar: Magnus Snøtun

Dato: 13.03.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutvalg for Jotunheimen og Utladalen nasjonalparkstyre	9/2013	14.03.2013

Utladalen landskapsvernområde - Motorferdsel – 2013-2015 - Transport av materiell og ved til hyttene til Årdal Jeger og Fiskerforening - Norsk Folkehjelp Årdal

Forvaltar si innstilling

Arbeidsutvalet for nasjonalparkstyret for Jotunheimen og Utladalen gjev etter verneforskrift for Utladalen landskapsvernområde, pkt. IV nr. 8, fleirårig løyve til snøskutertransport av materiell og ved til Årdal Jeger og Fiskerforening sine hytter Kyrkjevatn, Trollsjøen og Vasspollane. Løyvet er gjeve med følgjande vilkår:

- Samla inntil 4 turar per år med inntil 2 snøskuterar per tur.
- Løyvet gjeld frå 01. februar til 31. april for åra 2013, 2014 og 2015
- Transport med snøskuter skal ikkje gjennomførast på søndagar og heilagdagane inkludert perioden palmesøndag – 2. påskedag
- Motorferdsel skal meldast seinast dagen før til SNO v/Rigmor Solem (tlf. 959 65 158), som vil gi melding om det må takast spesielle omsyn til verneverdiar.
- Løyve til motorferdsel og køyrebok skal bringast med under transport. Køyrebok fyllast ut før kvar tur
- Dato og talet på snøskuterar skal rapporterast til nasjonalparkforvaltar årleg innan 01. juni.

Saksopplysningar

Dokument i saka

- Søknad per e-post datert 04.03.2013, frå Norsk Folkehjelp Årdal v/Rune Blikken.

Søknaden skal behandlast etter

- Verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde av 5. desember 1980
- Naturmangfaldlova av 19. juni 2009

Bakgrunn for søknaden

Årdal Jeger og Fiskerforening har sju hytter til utleige i fjellet rundt Årdal. Tre av desse ligg innanfor Utladalen landskapsvernområde, Kyrkjevatn, Trollsjøen og Vasspollane. Dette er enkle hytter som primært er sett opp for jegere og fiskere. Norsk Folkehjelp Årdal har i fleire år transportert materiell og ved inn til desse hyttene på ettervinteren og boss ut att. Folkehjelpen har leigekjøring i heile kommunen. Dette er årleg transport.

Heimel

Søknaden må handsamast etter verneforskrifta for Utladalen landskapsvernområde og etter naturmangfaldlova §§ 8-12.

I landskapsvernområdet er motorferdsel og landing med luftfartøy er forbode (verneforskrifta pkt. IV, 8), men forvaltningsstyresmakta kan gje løyve til «*transport av materiale til hytter, buer og klopper o.l. og av brensel, proviant og utstyr til hyttene*».

Formålet med opprettinga av Utladalen landskapsvernområde er «*å verne eit vilt og vakkert vestlandskap med naturmiljø og kulturminne i tilknytning til Jotunheimen nasjonalpark, samstundes som områda skal kunne nyttast til landbruk, friluftsliv, jakt og fiske.*»

Vurdering

Utkast til forvaltningsplan presiserer at motorferdsel ikkje er ynskjeleg i verneområda, men at noko er naudsynt. Mengda av motorferdsel skal vere så liten som mogleg.

Motorferdsel med snøskuter kan forstyrre fauna og flora dersom snøforholda er for dårlege. Tidspunkt og traseval må gjerast med omsyn til forholda for å unngå unødig forstyrning på fauna og flora. Området er ikkje knytt til stinettet til DNT, men det er fleire hytter i området som nyttar området. Det er derfor lagt inn vilkår om at transporten skal unngå søndagar og påska (§8 og 9 i nml.). Jakt og fiske er ein viktig aktivitet i området og dette er knytt til ettersommaren og hausten.

Tilrettelegging med overnatting legg til rette for utøving av friluftsliv, særleg jakt og fiske, som er ein del av verneformålet i verneområdet. Årleg transport med snøskuter er ein effektiv transport av naudsynt materiell og uttransport av boss (§10 og 12 i nml.).

Vurderingar knytt til § 11 i naturmangfaldslova «*Kostnadene ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar*» er ikkje relevant for denne saka.